



Sakshandsamar:

Berit Gjerland
E-post: berit.gjerland@sfj.no
Tlf.: 41530987

Vår ref.

Sak nr.: 17/6909-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

35462/17

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 21.09.2017

Julie Førde

Askvoll - Straumen gbnr. 27/33, forhold til id.nr. 45722

Viser til dykkar førespurnad vedrørande registreringa av automatisk freda kulturminne.

Det kan opplysast om at dette området med gravhaugar blei registrert på 1950-talet og publisert i 1957; Per Fett: Førhistoriske minne i Fjordane, Askvoll prestegjeld. Det trykte heftet med registreringane blei sendt ut til alle grunneigarane med slike minne på eigedommane sine. Området blei på nytt kartlagt i 1981 i samband med registrering for Økonomisk kartverk.

Opplysningar om registrerte automatisk freda kulturminne er tilgjengeleg på Internett. Ordninga har eksistert i fleire år. Opplysningar om automatisk freda kulturminna og kartfesting er m.a. tilgjengeleg på Kulturminnesøk, <https://kulturminnesok.no> Informasjon derifrå er vedlagt.

Her på Straumen er det registrert fleire gravhaugar. Halvparten av den eine gravhaugen ligg innanfor tomtearealet på gbnr.27/33. Med omliggande sikringssone som går frå kjent ytterkant av gravhaugen, kjem ein svært nær dagens bygg på tomta. Det gjeld same reglar for sikringssona som for sjølve kulturminna.

For den typen kulturminne gjeld lov om kulturminne; §1, §3 Forbod mot inngrep etc., §4 Kva er automatisk freda, §6 Sikringssone, §8 Løyve til inngrep.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har forvaltingsmynde for automatisk freda kulturminne. Det kan etter vanleg forvaltingspraksis etter 1990, ikkje påreknast løyve til bygging eller inngrep i sikringssona til gravhaugane eller i nærleiken av denne. Det er i overkant mykje inngrep der allereie. Eventuelle tiltak må vere på andre delar av tomta. Det er sterkt tilrådeleg at fylkeskommunen blir kontakta tidleg viss det skulle vere planar om tiltak på tomta. Søknadspliktige tiltak må også gå til fylkeskommunen.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør

Berit Gjerland
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Utskrift frå Kulturminnesøk

Kopi:

Askvoll kommune